
Fra: Irene M. Lunde [mailto:Irene.M.Lunde@eid.kommune.no]

Sendt: 17. desember 2012 15:59

Til: Postmottak KD

Emne: uttale om høyring frå Eid ungdomsskule

Uttale om høyringsutkast/forslag til lovendring:

1. Spesialundervisning: årleg rapport

- ◆ 2 gongar i året: må evaluere ev. justere for kvalitetssikring. Men: vil redusere arbeidsmengda. 1 gong i året: kan forringe kvaliteten på undervisninga
- ◆ Det tek lang tid før IOP er klar. Ein må likevel vurdere elevane undervegs – gjere justeringar. Eit heilt år: vanskeleg å endre undervegs.
- ◆ 1 gong i året ok. Ein skriv ofte planane for planane sin del. Måla vert lite brukt, ein gjer det som er best for eleven. Mykje papirarbeid no. Ein diskuterer planane med føresette og andre lærarar likevel.
- ◆ Ein har ½ - årsvurdering+ samtale. Måla vert heile tida vurderte og justerte. 1 IOP – då nok med 1 halvårsrapport.
- ◆ Kort tid frå IOP til halvårsrapport.
- ◆ Viktig at undervegsvurderinga er skriftleg → dokumentert då.
- ◆ 8.klasse haust: mykje ein ikkje veit om eleven. Viktig å gjere justeringar uansett.
- ◆ Ein justerer uavhengig av rapport.
- ◆ **Konklusjon:** Ein er for årleg rapport. Men: viktig at det då vert nedskrive, undervegsvurdering. Viktig å ha framovermelding til eleven!

2. Samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i individuell plan

- ◆ **Ok!** Vi pleier å gjere dette...

3. Delt bevisbyrde

- ◆ "Skumle greier!"

- ◆ Dersom ein har eit krav – bør kunne ha bevis. Vanskeleg for skulen å dokumentere.
- ◆ Tilpassa undervisning kjem inn under dette. Korleis som skule bevise at alle har fått slik opplæring? (særleg etter lang tid)
- ◆ Vert mykje meir dokumentering på skulane!
- ◆ **Konklusjon:** Vi er i mot dette!

4. Foreldingsfrist for straff

- ◆ Ein bør kunne klare å melde frå etter 2 år...
- ◆ **Nei!** Vi vil ha 2 år som no!!

5. Bruk av personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling

- ◆ Nytt no: kan ha ansvar for undervisning/opplæringa. Den som er ansvarleg for opplæringa er læraren.
- ◆ Kommunen kan tene pengar og ”spekulere” i dette → tilsetje fleire assistentar i staden for lærarar.
- ◆ Det burde og stå: dersom ein skal rettleie assistent – setje av tid!
- ◆ Vil vere ekstra jobb for læraren å legge til rette. Det bør vere ein spesialpedagog som kan rettleie assistenten.
- ◆ Det er no meir assistentar i høve tal på lærar enn før.
- ◆ Assistentar kan nyttast til å hjelpe til med praktiske gjeremål.
- ◆ **Konklusjon:** Det er ikkje greitt at ein assistent har ansvar for (spesial-) undervisning åleine!

